



FRA RESVATNET TIL RESFJELLET

Av Olav Krog

Ein solklår vakker morgon sommeren 1952. Eit lag eldre og yngre samla på Krokbekksetra ved Resvatnet. I dag blir det Resfjelltur! Ungane hoppar høgt i veret: Ja, ja! Og bestefar ska bli med! Javisst ska han. 79 år er eg. Men den årvisse turen til Resfjellet kunne eg ikkje koma frå. Ungane og eg hadde åra før varda veg og lagt på namn oppover heile fjellet. Mye å sjå, og fint å ferdast. Ein søg frå Jølstoen tydde godver, og lomen ute på Resvatnet «tørka rat». Visst bli det godver. Og det vart det.

Bratt er ho, egga opp frå setra. Godt å puste på. Og så kan ein sjå seg attende. Sjå ovafrå og ned på dei som att er, og som viftar velferd opp til oss. Stakkars dem! Men vi må vidre fare, skal vi nå det høgste. Det er ein rik vegetasjon i denne solvendte og bratte lia. Ingen fjellblomar her. Men ei mengd av bregne og blom millom mosegrodde steinar. Store, kvite klokker lyser opp øverst mot ei mørk ur. Såg ein etter, vart ein her og der millom steinane vare mange små. Liljekonvaller, vintergrønn maiblom og firblad og mange slag lyng og lav. Selja hadde lav til pynt, og på dei gamle furukongane hekk det som eit grått skjegg på greinene. Men i baklia var skjegget på bjørkene svart.

Vi kjem over til ein fin, ljøs dal med ei seter i sollia. Rips og rabarbra er planta ved husnova. Potet og nepor veks lengere oppe. Det er folktomt der. Gamle Kari sto ikkje lenger på troppa og bad oss «sjå innom». Alt er endra. I 1890 ferdast det bjønn



— ein fin, ljøs dal med ei seter i sollia.

Kåre Halse

her. Han reiv i hel ein sau ei natt. Sauen var varm enda da eg fór framom morgonen etter. Bjørnen er borte han og no og kjem vel aldri hit att meir. Elgen vart og borte. Kari fortalde eingong om dei siste elgane. Det var to som vart jaga opp under Krokkbekkstoen. Den eine sprang opp. Den andre venda seg mot skyttaren og káva med framfötene som om han bad for seg. Men her var ingen nåde. Det gjekk mannsaldrar før det kom elg hit att.

Vi møter eit lite fjell som står som ein vakthund framfor Resfjellslottet. Det stig bratt opp og er godt og varmt for dyr og vokstrar. Her møter ein alltid orm. Some er store. Eirik Brauta såg her ein som var lang som ei slostong, fortalde han. Og some har faks. — Nei, der går vi ikkje. Vi går nordom fjellet. Der stig berget tverbratt opp og med ei stenur under. På ein sats høgre oppe i bergveggen hadde ørnen reir. Dei fekk ikke vera hauveik dei små som låg deroppe og såg ned. Men

det var vel meininga dei skulle ta sertifikat på høgflyging når dei vart eldre.


Ein gammal ferdaveg går millom Mjukin og Resfjellet. Vegen blir lite bruka no og er overgrodd av lyng og mose.

Vi går over ei moltemyr. Mye blad, men lite bær, så det vart ikkje mye mat for oss. Men sjå der står ein som òt flugu og andre bitte små kryp. Det er soldogg. Ved rota har ho ein krans av runde blad med fangarmar. Blada er klisne og det litle dyret blir klistra fast. Mye rart i naturen.

Det susar i vatn som fossar gjennom ei trong bergskorte. Det er Ela som har brote seg gjennom her. Vi må sjå det.

Og går bort på berget. Det er noe rart med denne Ela og. Etter ho er kome frå fjellet, dreg ho attover Fjelldalane, men når ho kjem motest mot Mjukin, gjer ho ein tverrbøyg og går i heilt motsett lei. «Kofor gjer ho det?» Geologen kan svara. Men Ela går roleg vidare. Kviler ut i Eldammen. Bryt atter rett vinkel gjennom berg og går så i stryk og fall til Resa ved den gamle garden Seter.

Det ber bratt opp. Men ein hardtrøid saustig går på skrå. Tryggast og best å gjera som sauene. Gjekk ein beint opp ein etter ein, kunne stein løsne av dei første og gjera skade på dei som etter kom. Her helsar vi på trefingerurt og bergfrue. Der borte i skorta står ho. Ho har ordna seg med tjukke blad kring brurakrona da ho trur dei blir hard tørke. Men ho Fjell-Mari har slege kåpa si opp på ei von om det blir regn. Det er mange



Olav Krog.

Kåre Halse

her og seint å nemne namn. Men sjå der. Vi kjem opp i eit lite dalsøkk. Eit bekkisike siklar millom steinane. Some av steinane har ein vakker lett. Det er jaspis. Klårt og kaldt er vatnet. Det kjem vel frå kjøleskapet under fonna. Ungane legg seg på buken og sett truten nei i. — Å, så godt! I den våte mosen er det og ei som drikk seg utørst. Gulsildra. Men sjå der! Ein liten blå blomster. Lat han stå. Du kjenner han frå før. Fjellveronika. Den blå blomst som i eventyret opna berget for den fatige gjetar-guten. Snøsøten står og her. Og rausildre, fjellfiol og blom-strande lyng.


Eit bratt glenne med stein langs ein hög bergvegg. Stivt langt kollgras der det er rom til eit strå. Livet bryt seg fram om livs-vona er lita. Men sjå der! Klint tett inntil bergveggen ei rad med mannshøge einer. Du store Juniperus! Kor kom du her? Og kor tok du krafta di frå her i steinura? Med livets grønne farge har du merkt denne svarte veggen. Og derfor skal namnet ditt festast her på det gamle, heilage målet, Juniperus.

Vardinga går over ei fly og atter inn i ein liten dal, som vidar seg ut mot ei bitte lita tjønn med myrull som krans omkring. Ho må få namn etter det naturen har stasa ho med. Men sjå der! Der møter vi menneskeverk. Oppmura steinsetningar som grunnmur til småe hus. Det var ein to-tri slike. Kven kan ha laga dei? Var det gjetarar kanskje som hadde vore så høgt oppe i fjellet? Vi undra oss på det og gjekk vidare.

Dalen endar under ei stor ur, synberr langt ut i Trollheimen. Eit par korpar kjem frå berget ovafor, gjer nokre svingar over oss og fortel namnet sitt. Ordet korp er svensk, men ein kan meda på Korp-ora. Det smakar som latin. Millom steinane vert vi vare på ein sjeldsynt vokster, hestesprengbregne. Noen hest har aldri vorte sprengt her, dertil er ura for uvegsam. Men det er ikkje verdt å ta med og plante på setra denne bregna.

Bratt er det her, og ein pust i bakken gjer godt. Vidare utsyn er det og. Fleire og fleire av storfjella syner seg. Og det gjeld å få tak i namna.

Kome vel opp frammed ura, går vardinga over ei fly med små tuvor av vakre raue blommar. Fjellsmelle. Her veks og klyn-




Ren tragedie.

Leiv Bjørnstad

ger av reinrose, men vi riv dei ikkje opp. Ein annan gong sett vi ned ei spildre med det latinske namnet på.

I ein botn oppe under fjellryggen er ei lita rund tjønn. Ei snøbre når ut i vatnet og kalvar. Kvita kalvar legg på sym bort frå mor si. Ved nordenden i tjønna låg bein og hjartjafsar av ein annan kvit kalv, ein reinskalkv som har våga seg ut på vårisen. Han er sprø isen om våren. Det har vore bore fisk opp i denne tjønna, men ho er for kald sjøl for dei som nyttar kaldt blod i kroppen.

I fjellsida nordom tjønna oppdaga ungane ei steinhytte. Alle opp for å sjå. Du store min! Dette var ikkje gjetarverk, nei. Men heller jutulverk. Det var eit kars løft og meir i some av steinane. Var det fangstmenn i gamle dagar som her har mura? Det var bratt opp, og steinane måtte dei ha samla ovafor og tomma dei ned og opp i muren. Tett innom er ei trong berg-skorte. Kanskje vart jaktviltet jaga dit opp og drepe. Vi undra



Resfjellet.

Kåre Halse

oss og gjekk vidare. Det er ikkje langt til toppen derifrå. Ellers er det tri toppar på Resfjellet. Den millomste er høgst.

På nordsida av fjellet ser ein ned til to botnar, Storgruva og Litlgruva. Frå isen i Storgruva fær Sya tilsig. Ho tek vegen nordetter og kjem ikkje Resdalen til nytte. Men ho har gjort rett for seg ein annan stad. Kaldt er det her oppe i gruva vinters tid, og det er sagt at Sya toler ikkje å sjå stjernone. Men det er ei som likar seg deroppe og drikk av isvatnet som siklar millom steinane i ura. Det er *Ranunculus glacialis*, *issoleia*. Den einaste staden ho veks i Resfjella er her. Låg og lubba står ho og smiler mot oss. Vi riv deg ikkje opp. Standa der du, fjellet si vakre datter. Vi er ikkje kome her opp for å rive opp sjeldne fjellblomar og pressa dei flate i eit herbarium.

Otla går frå Litlgruva i fin sving gjennom Resfjellslåtta nordom Vimyrane, for så i foss og stryk å tømme det kalde vatnet i Resa utom Grytbakk. Både Otla og Ela går gjennom limsteinslag med fossiler.

Her er utsyn til alle kantar. Vi ser grensefjella i aust kor



Ela.

Kåre Halse

Sylane stikk opp. I sør Snøhetta på Dovre. Trollheimen reiser seg i vest. Den stenger for havet. Var vi på Trollhetta, ville vi sjå havet som ei blå stripe lengst ute. Men Trondheimsfjorden blinkar imot oss i nord, og vi tek peiling på Gråkallen ved byen. Men det er ikkje Gråkallen som dreg tankane til seg no, men Resdalen og stroka der omkring.

Jølvatnet, Langvatnet, Resvatnet og mange mindre. Høgt oppe under Svarthatten Raufjelltjønna som eit blankt barneauga. Rinnhatten breier Dukfonna si framfor oss og gjøymmer eit perleband av fiskrike vatn i Bjønnaråa attom Tovdalsberga... Resfjellet sjøl har og eit perleband av små tjønner, bunde i hop av ein liten, blank bekk. Han veks seg stor og vill og stuper seg

utover ei bratt li ved Vålåsgarden og glir så smilande ut i Resvatnet ved Storrвика. Det er Ljøsåa, den ljose åa.


Det har vore folk her før mange gonger. Trespilddror med namn er stikke inn millom steinane. Og her har vore brent og. Kol og halvbrente ruppar ligg att. «Håkon sette varde på fjellets topp» har vi lese. Vi ser noen herifrå. Men det er nede i dalen det. Ingen norsk konge har sett varde her, men herskarfolket hadde signalmerke her i krigsåra.

Rart er det å sjå naturen frå eit slikt fjell. Eit luftfoto eller relieffkart. Heilt opp mot toppen ligg lause steinar av ulike bergarter. Mange så stor at mannamakt ikkje kan rokke dei. Kvafor ei makt har ført dei hit? Og det faste fjell har merke etter skuring og slit. Vi går ned av fjellet i undring og age for dei makter som her har virka.



Lett kavalleri.

Kai Pauss



TO GAMLE KIRKER I NAMDAL

Av Jon Tverdal

NÆRØY KIRKE

Fra Rørvik er det ikke langt til Nærøya, bare en liten tur med motorbåt og man går i land på den gamle markedsplassen Nærøyberget, som bare er en smal bergremse ved et sund som ikke er bredere enn en skikkelig gate. Her lå det før en idyllisk liten grå stue med noen trær og bærbusker. Den er borte nå.

Tannlege Herlofson som eide øya i mange år, har fått istand kaien, og fra den fører en hel chausse innover øya, som byr på både sletter, bakker og ikke minst berg. Det går som en rygg etter hele øya og den er av ganske anseelig høyde. Herlofsons interesse for øya var kolossal, og han gjorde alt for å få istand et mønsterbruk med mye nydyrkning og store plantede skogfelter som trives godt.

Etter en kort marsj på den fine veien mellom frodige enger kommer vi til en liten bakkeknakk, og når vi når toppen, har vi den reneste landskapsidyll foran oss. Den gamle, ærverdige kirkeruinen dukker med ett opp i forgrunnen, akkompagnert av gårdens lange, gamle hovedbygning med uthusene. Bakgrunnen er øyas løvskog og utenom den blå fjorder og blånende fjell.

Vi skal se litt på den gamle kirkeruinen, et av Trøndelags eldste kirkelige monumenter, som har stått uten tak siden brannen i 1847.